

## RÅDSVEDTAK

2007/EØS/26/10

av 17. desember 2003

**om endring av vedtak 95/408/EF om dei nærmare reglane for å utarbeide, i ein overgangsperiode, mellombels lister over verksemder i tredjestatar som medlemsstatane kan importere visse produkt av animalsk opphav, fiskerivarer og levande toskala blautdyr frå<sup>(\*)</sup>**

(2003/912/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til vedtak 95/408/EF om dei nærmare reglane for å utarbeide, i ein overgangsperiode, mellombels lister over verksemder i tredjestatar som medlemsstatane kan importere visse produkt av animalsk opphav, fiskerivarer og levande toskala blautdyr frå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedtak 95/408/EF går ut 31. desember 2003.
- 2) I framlegget frå Kommissjonen om ei europaparlaments- og rådsforordning om fastsetjing av nærmare reglar for tilrettelegging av offisielle kontrollar med produkt av animalsk opphav som er meinte for konsum<sup>(2)</sup> («forordninga om tilrettelegging av offisielle kontrollar») er det fastsett ein ny framgangsmåte for utarbeiding av lister over verksemder i tredjestatar som skal kome i staden for dei reglane som er fastsette i vedtak 95/408/EF.
- 3) Tidsrommet som vedtak 95/408/EF skal gjelde for, bør difor lengjast, slik at det dekkjer tidsrommet frå datoen då vedtaket går ut og fram til forordninga om tilrettelegging av offisielle kontrollar tek til å gjelde.

4) Vedtak 95/408/EF bør difor endrast —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I artikkel 9 i vedtak 95/408/EF vert datoen «31. desember 2003» bytt ut med «31. desember 2005».

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. desember 2003.

*For Rådet*

G. ALEMANNIO

*Formann*

(\*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 345 av 31.12.2003, s. 112, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 120/2004 av 24. september 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 10.3.2005, s. 7.

(<sup>1</sup>) TEF L 243 av 11.10.1995, s. 17. Vedtaket sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

(<sup>2</sup>) TEF C 262 E av 29.10.2002, s. 449.